



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Aud Hagenes Daae
Kalfarveien 35 O
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/661 - 21/5454

Saksbehandlar:
Stein Kåre Løvslett
stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Dato:
13.07.2021

Vedtak - Gbnr 147/21 - pålegging om retting av feil på septiktank

Administrativt vedtak. Saknr: 088/21

Vi syner til melding frå Norva 24 Vest AS om feil på septiktank motteke 15.06.2021

Vedtak

Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljare i medhald av plan- og bygningslova §§ 31-3 og 31-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.

Saksutgreiing:

Austrheim kommune har fått melding frå Norva 24 Vest AS som er operatør for tømning av septiktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er manglar med dykk ved utløp og det er opplyst at det er lågt veskenivå i septiktanken. Lågt veskenivå i septiktanken er ein indikasjon på lekkasje. Begge disse manglane fører til ulovlege utslepp og ureining av grunnen. Disse manglane må utbetrast av fagleg kompetent personell.

I tillegg er det påpeika feil ved lokket til septikkanten. Denne feilen kan føre til at mennesker eller dyr faller ned i tanken. Feilen må utbetrast umiddelbart.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Stein Kåre Løvslett
ingeniør

Kopi til:

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen
NGIR
Norva 24 Vest AS

Lindåsvegen 1260 5956

HUNDVIN

Mottakere:

Aud Hagenes Daae

Kalfarveien 35 O 5018

BERGEN